

# ORDNING FOR DÅP

NYNORSK

## INNHALD

Om ordning for dåp.....	2
Om dåpen.....	4
Dåp av barn .....	6
<i>Dåp ved neddykking.....</i>	<i>9</i>
<i>Dåp utan at forsamlinga er til stades .....</i>	<i>10</i>
Dåp av vaksne .....	11
<i>Dåp ved neddykking .....</i>	<i>14</i>
<i>Dåp utan at forsamlinga er til stades .....</i>	<i>15</i>

Godkjent av Hovudstyret mai 2011.

## OM ORDNING FOR DÅP

Dåp er ei høgtideleg handling, og det skal ikkje vere tilfeldig kva som skjer på ein slik dag. Det skal vere ein dag dåpskandidat, foreldre, fadrar og forsamling kan sjå attende på med glede og takk, og ein dag dei gjerne fortel barnet om når det veks opp.

### LEIAREN

L (leiaren) av dåpen, skal vere utpeika/godkjend av den respektive organisasjon. Leiaren har ansvaret for at dåpen skjer i samsvar med det lutherske læregrunnlaget nedfelt i organisasjonen sine grunnreglar.

Det vert halde dåpssamtale med den som ynskjer å verte døypt (vaksendåp) og samtale med foreldre/føresette til barnet (barnedåp og dåp av unge under 15 år) <sup>1</sup> før dåpshandlinga.

### FORSAMLING <sup>2</sup>

- har ansvaret for å føre dåpsprotokoll
- forsamlingar som har trussamfunnsstatus, skriv ut dåpsattest
- forpliktar seg til å leggje til rette for at den døypte får opplæring i den kristne trua
- ved tilhørsel i Dnk skal det sendast dåpsmelding til kyrkjebokfører (sokneprest) i den lokalkyrkjelyden foreldra høyrer til (Jamfør avtale med bispemøtet 2010)
- ved tilhørsel i anna luthersk trussamfunn hjelper forsamlinga til med å melde dåp til den aktuelle kyrkjelyd.

### PRAKTISKE FORHOLD

Ved døypefonten må det liggje handduk. Like før sjølve dåpshandlinga vert døypefonten fylt med lunka vatn.

Den/dei som skal døypast, eller dei som ber sine born til dåpen, må på førehand kunne vite korleis dåpshandlinga går føre seg.

Det vanlege i luthersk samanheng er at dåpen skjer med overausing. Men dåpen kan også gjennomførast ved neddykking. Uansett dåpsform må dette leggjast til rette slik at dåpshandlinga skjer på verdig vis.

---

<sup>1</sup> Den religiøse myndighetsalder er 15 år

<sup>2</sup> Forsamling vert brukt som samleomgrep for bedehusforsamling, kyrkjelyd, foreining, lag etc.

## DÅP AV BARN

### FORELDRA/FØRESETTE

- har hovudansvaret for at barnet vert døypt
- har hovudansvaret for at barnet får opplæring i den kristne trua.
- har ansvaret for om barnet skal meldast inn i Den norske kyrkja eller eit anna luthersk kyrkjesamfunn/trussamfunn.

### FADRANE

- skal vere vitne på at barnet er døypt.
- skal, saman med foreldre/føresette, sjå til at den døypte får opplæring i den kristne tru.
- skal, saman med foreldre/føresette, be for barnet, lære barnet å be, bruke Guds ord og nattverden.

### TILLITSERKLÆRING

Når eit barn skal døypast, vel foreldre/føresette fadrar. Dei vil gjerne ha fadrar som kan fylgje barnet i oppveksten og vere vaksenpersonar som bryr seg om det som er til det beste for barnet. Difor er det ei tillitserklæring å verte spurd om å vere fadder.

### OPPGÅVA TIL FADRANE

Ordet fadder kjem av det latinske ordet «compater», som tyder «med-far». Ein fadder tek på seg ei ansvarsfull oppgåve. Fadderren skal for det første vere vitne om at barnet er døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. For det andre har fadderren eit medansvar for at barnet får opplæring i den kristne tru. Dessutan skal fadderren be for barnet og hjelpe det til å vere med i kristent fellesskap. I ein sum skal fadderren, saman med foreldre/føresette, hjelpe barnet til å verte verande hjå Kristus når det veks opp.

### FADDER-FAKTA

- kvart barn som vert døypt, skal ha minst to fadrar som har fylt 18 år.
- som fadrar vel ein personar som ynskjer at barnet skal verte opplærd i den kristne trua. Foreldre kan ikkje vere fadrar.
- namnet på fadrane skal førast på dåpsattesten.

### Tilrådde dåpsalmar/-songar

- Kjære Jesus, dine hender
- Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera
- Å, lat din Ande med oss vera
- Vi samles til dåp i din kirke på jord

# OM DÅPEN

## DÅPEN I DET NYE TESTAMENTET

Den lutherske vedkjenninga forstår lære om dåpen i NT som eit nådemiddel og eitt av to sakrament.

Ved dåp og tru vert eit menneske atterfødt til liv i Gud og vert lem på Jesu Kristi kropp. Den som seinare kjem bort frå personleg liv i Gud, må kallast til omvendning.

I Misjonsbodet (Matt 28,18-20) bed Jesus oss gjere menneske til læresveinar idet vi døyper dei og lærer dei. Å døype høyrer difor til det kristne misjonsoppdraget. Den bibelske bakgrunn er at mennesket vert fødd inn i denne verda som åndeleg døde borte frå Gud (Ef 2,1-3). Gud må få gje mennesket si frelse i Jesus Kristus av nåde (Ef 2,8). Då vert mennesket fødd på nytt av Gud (Joh 1,12-14).

Når vi les dei bibelske dåpstekstane, er det viktig at ordet får møte oss som bibelsk bodskap. Dåpen er innsett av Jesus på grunnlag av hans død og oppstode. Sentrale bibelske poeng om dåpen er desse:

- samfunn med Jesu død og oppstode (Rom 6,3ff, Kol 2,12ff, Gal 3,27)
- gjev del i forlating for syndene og Den Heilage Ande til gåve (Apg 2,38ff, 22,16)
- føder på nytt og gjev nytt liv (Tit 3,5, Joh 3,5)
- gjev samfunn med Jesu kropp på jord (1 Kor 12,12ff)

## DÅPEN I LUTHERS VESLE KATEKISME

### 1. KVA ER DÅPEN?

Dåpen er ikkje berre vatn. Han er vatn som vert helga ved Guds bod og sameint med Guds ord.

### 2. Kva er Guds ord og bod om dåpen?

Vår Herre Jesus Kristus seier: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halde alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står» (Matt 28,18-20).

### 3. Kva gagn har vi av dåpen?

Dåpen verkar forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen, og gjev æveleg sæle til alle som trur. Dette er Guds ord og lovnad.

#### 4. Korleis lyder Guds ord?

Vår Herre Jesus Kristus seier: «Den som trur og vert døypt, skal verte frelst. Men den som ikkje trur, skal verte fordømd» (Mark 16,16).

#### 5. Korleis kan vatn gjere så store ting?

Vatn gjer det ikkje, men Guds ord som er sameint med vatnet, og trua som lit trygt på dette ordet. Utan Guds ord er vatnet berre vatn og ingen dåp, men med Guds ord er det ein dåp, eit nådebad til atterføring ved Den Heilage Ande.

#### 6. Kvar står det skrive?

Apostelen Paulus seier: «Gud frelste oss ved badet til atterføring og fornying ved Den Heilage Ande» (Tit 3,5).

#### 7. Kva tyder det å verte døypt med vatn?

Det tyder at den gamle Adam i oss skal druknast ved dagleg anger og bot, og døy med alle synder og vonde lyster, og at eit nytt menneske dagleg skal stige fram og leve æveleg for Gud i rettfærd og reinleik.

#### 8. Kvar står det skrive?

Apostelen Paulus seier at ved dåpen vart vi gravlagde med Kristus, og så skal vi også leve eit nytt liv med han, slik som Kristus vart reist opp frå dei døde (Rom 6,4).

# DÅP AV BARN

Dåpen vert til vanleg forretta i eit offentleg møte/ei gudsteneste. Det er ynskjeleg at ein av foreldra ber barnet til dåpen.

## 1. DÅPSSALME

## 2. NÅDEHELSING

«Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.»

## 3. VELKOMSTHELSING

### L(LEIAREN)

Forsamlinga gleder seg i dag over å få ta imot ..... (barnet/borna sitt/sine namn vert nemnde) til dåp. Ved dåpen gjev Gud barnet/borna del i frelsa og tek det/dei inn i si kristne kyrkje. I livet saman med Gud og hans folk skal det/dei vekse i tru, kjærleik og lydnad mot hans vilje.

----

*Dersom dåpen ikkje skjer i eit møte/ei gudsteneste med forkynning, kan leiaren no halde ein kort andakt som seier noko om kva dåpen er og kva den gjev, eller lese eit par vers frå Det nye testamentet (til dømes Apg 2,27-39; Tit 3,5; Rom 6,3-5). Etter andakten høver det med ein salme eller ein song.*

## 4. SKRIFTLESING

### L

Lat oss høyre vår Herre Jesu Kristi føresegn om den heilage dåpen:

*Eg har fått all makt i himmelen og på jorda! Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står! (Matt 28,18-20)*

Lat oss så høyre korleis Jesus tek imot borna og lèt opp Guds rike for dei:

*Dei bar små born til han for at han skulle røre ved dei. Men læresveinane truga dei som bar dei. Men då Jesus såg det, vart han harm og sa til dei: Lat dei små borna koma til meg, hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg seier eg dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal slett ikkje koma inn i det! Og han tok dei på fanget og la hendene på dei og velsigna dei (Mark 10,13-16).*

Med takk og tru ber vi difor borna våre til Herren i den heilage dåpen.

Dei er fødde med menneskeslekta si synd og skuld, men i dåpen vert dei Guds born, fødde på nytt ved Den Heilage Ande.

## 5. FORSAKINGA OG TRUA

**L**

*Forsamlinga reiser seg og står under forsakinga og trua.*

Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua som dette barnet/desse borna vert døypte til:

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen. Eg trur på Gud Fader, Den Allmektige, som skapte himmel og jord. Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, Den Allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde. Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstode av lekamen og evig liv.

Amen.

*Forsamlinga set seg.*

## 6. DÅPSHANDLINGA

Vatnet vert slege opp i døypefonten.

**L**

Lat oss be:

Evige, allmektige Gud - du som elska verda så høgt at du gav Son din, den einborne, for at kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv – takk at vi i tillit til di frelse får bere dette barnet/desse borna til dåpen i Jesu Kristi namn.

Ta hand om dette barnet/desse borna som vi nå ber fram for deg og vare det/dei i ei sann tru til det evige liv.

Amen.

*Eitt og eitt vert borna borne fram til døypefonten av foreldre og fadrar.*

**L**

Kva heiter barnet?

Den som ber barnet seier førenamnet til barnet.

**L**

Vil de at NN ..... skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og oppsedast i den kristne forsaking og tru?

Den som ber barnet, svarar: Ja.

**L**

Eg signar deg med det heilage krossmerket, til vitnemål om at du skal høyre den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

Krossmerket vert slege frå panne til bryst, og deretter frå side til side.

Leiaren auser vatn over hovudet til barnet tre gonger medan han seier:

**L**

NN ..... Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

-----



## DÅP VED NEDDYKKING SKJER SLIK:

*L*

NN ..... Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter vert barnet dukka éin gong ned i vatnet.

-----  
Leiaren legg handa på hovudet til barnet og seier:

*L*

*Herren velsigne deg og vare deg.*

*Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.*

*Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.*

*Amen.*

*L*

No er ..... teken inn i Guds kyrkje. Lat oss ta vel imot han/henne/dei i vår forsamling.

## 7. LOVPRISING OG BØN

*L*

Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)

*Etter dette kan det vere ei fri bøn bede av leiaren eller av ein/ei i dåpsfølget.*

*L*

Lat oss saman be Herrens bøn<sup>3</sup>:

\_\_\_\_\_

<sup>3</sup> "Fader vår" kan ein be i den språkform som er mest naturleg.

Fader vår, du som er i himmelen!  
Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød.  
Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.  
Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.  
Amen.

## 8. DÅPSSKYLDNADEN

L

De som i dag har bore dette barnet/desse borna (bruk gjerne namn) til Jesus, skal vere vitne om at det/dei er døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Saman med forsamlinga har de del i eit stort ansvar. De skal be for NN og lære han/ho/dei sjølv å be og lære han/henne/dei å bruke Guds ord og Herrens nattverd. De skal vise omsorg for NN og så langt de kan, hjelpe NN til å leve og vekse i den kristne trua.

Lat oss gå saman med .....(barnet sitt/borna sine namn) på trusvegen gjennom livet. Fred vere med dykk!

Dåpshandlinga vert avslutta med ein salme.

---

## DÅP UTAN AT FORSAMLINGA ER TIL STADES

Der det er sjukdom eller noko anna som er til hinder for at dåpen kan skje når forsamlinga er samla, kan den forretast annan stad. I desse høve må den døypte/dei døypte anbefalast til forsamlinga si forbøn. Dette skjer ved eit offentleg møte så snart som mogleg etter dåpen.

## DÅP AV VAKSNE

Dåpen vert til vanleg forretta i eit offentleg møte/ei gudsteneste.

### 1. DÅPSSALME

### 2. NÅDEHELSING

«Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.»

### 3. VELKOMSTHELSING

*L*

Forsamlinga gler seg i dag over å få ta imot ..... (namnet til dåpskandidaten/-ane) til dåp. Ved dåpen vert vi fødde på nytt, får del i frelsa og vert tekne inn i den kristne kyrkja. I livet saman med Gud og hans folk veks vi i tru, kjærleik og lydnad mot hans vilje.

*Dersom dåpen ikkje skjer i eit møte/ei gudsteneste med forkynning, kan leiaren no halde ein kort andakt som seier noko om kva dåpen er og kva den gjev, eller lese eit par vers frå Det nye testamentet (til dømes Apg 2,37-39; Tit 3,5; Rom 6,3-5). Etter andakten høver det med ein salme eller ein song.*

*L*

Vil du verte døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande?

*Dåpskandidaten/-ane svarar:*

Ja

*L*

Då du/de ved Guds nåde er komen/komne til tru, vil vi no i vår Herre Jesu namn innlemme deg/dykk ved den heilage dåpen i hans truande forsamling. I denne forsamling vil Gud sjølv ved sitt ord og sin Ande halde deg/dykk oppe i ei levande tru. Han som tok til med ei god gjerning i deg/dykk, vil fullføre den inntil Jesu Kristi dag.

### 4. SKRIFTLESING

*L*

Lat oss høyre vår Herre Jesu Kristi føresegn om den heilage dåpen:

*Eg har fått all makt i himmelen og på jorda! Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står! (Matt 28,18-20)*

## 5. FORSAKINGA OG TRUA

*L*

*Forsamlinga reiser seg og står under forsakinga og trua.*

Leiaren vender seg til dåpskandidaten/-ane og spør:

*Vil du/de ..... (førenamnet til dåpskandidaten/-ane) saman med forsamlinga vedkjenne forsakinga og trua som du/de vert døypt til?*

Dåpskandidaten/-ane svarar:

*Ja*

*L*

*Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua.*

*Leiaren og forsamlinga seier fram forsakinga og trua saman med dåpskandidaten/-ane.*

*Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.*

*Eg trur på Gud Fader, Den Allmektige, som skapte himmel og jord. Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, Den Allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.*

*Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.*

*Amen.*

*Forsamlinga set seg.*

## 6. DÅPSHANDLINGA

*Vatnet vert slege opp i døypefonten.*

*L*

Lat oss be.

Herre Jesus Kristus, vi takkar deg at du ved dåpsvatnet ved ditt ord og Ande sameinar oss med deg og gjev oss del i den siger du vann då du døydde og stod opp. Vi er syndige menneske, fødde med menneskeslekta si synd og skuld. Men du har lova at ved tru og dåp til Hans namn, får vi del i Guds rike og evig liv.

Vi bed deg for han/henne/dei som vi i dag døyper. Vare han/henne/dei i trua på deg i ei dagleg omvending. Hjelp han/henne/dei til alltid å ottast og elske deg. Lei han/henne/dei ved din Ande og vare han/henne/dei frå det vonde.

Amen

Eg signar deg med det heilage krossmerket, til vitnemål om at du skal høyre den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til, og tru på han.

*Leiaren auser vatn over hovudet til dåpskandidaten tre gonger medan han seier:*

NN ..... Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande!

-----

## DÅP VED NEDDYKKING SKJER SLIK

L

NN ..... Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande!

Så vert dåpskandidaten dukka éin gong ned i vatnet.

-----

Leiaren legg handa på hovudet til den døypte og seier:

L

Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.  
Amen.

## 7. LOVPRISING OG BØN

L

Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)

*Etter dette kan det vere ei fri bøn bede av leiaren eller av den døypte.*

L

Lat oss saman be Herrens bøn<sup>4</sup>:

Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, Men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve.  
Amen.

---

<sup>4</sup> «Fader vår» kan ein be i den språkform som er mest naturleg.

L

Alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans. Vi vart altså gravlagde med han ved dåpen til døden, så at liksom Kristus vart oppreist frå dei døde ved Faderens herlegdom, slik skal vi òg ferdast i eit nytt liv. (Rom 6,3b-4)

## 8. DÅPSSKYLDNADEN

Leiaren oppmodar den/dei døypte og forsamlinga til å leve i si dåpspakt.

Dåpshandlinga vert avslutta med ein salme.

---

## DÅP UTAN AT FORSAMLINGA ER TIL STADES

Der det er sjukdom eller noko anna som er til hinder for at dåpen kan skje når forsamlinga er samla, kan den forrettast annan stad. I desse høve må den døypte/dei døypte anbefalast til forsamlinga si forbøn. Dette skjer ved eit offentleg møte så snart som mogleg etter dåpen.